

## Referat: Nasjonalt fagråd for økonomiske og administrative fag (NFØA), Rådsmøte 3/2022

Dato: 27.06.2022, klokka 09.00 – 11.00.

Stad: Zoom

RFF/Fagskolen Viken	Fredrik Rene Hæren (leder)
Fagforbundet	Trond Finstad (nestleiar)
Klynge/Norsk senter for sirkulærøkonomi	Natalia Mathisen
YS/Delta	Lina Steinsbekk
FFF/Norges Fagakademi	Venke Schei
FFF/NKI fagskolar	Kirsten Saga
FFF/Fagskolen Kristiania	Kari Bjørnaas
FFF/Folkeuniversitetets fagskole	Wenche Fonneland
Fagforbundet	Henriette Eia Erdal
ONF	Henning Skau
Økonomiforbundet	Rune Martinsen

Fråfall: Tord Hauge (NHO), Johnny Solheim Thomassen (Virke/Asko), Pål Christian Hannevig (YS/Negotia), Lyra Lluka (LO/Fagforbundet),

Møteleiar: Fredrik Rene Hæren

Referent: Linda Kjosaas (HK-dir)

Gjester:

Sak O-13/22: Henriette Eia Erdal, Fagforbundet

Faste saker

Møteinnkalling godkjent

Saksliste godkjend med endring i siste sak som vert flytta til neste møte

Referat godkjent

## O-9/22 Leiar orienterer

Leiar orienterte om nytt i sektoren og møtet i Nasjonalt fagskoleråd, og vart supplert av leiar for Nasjonalt fagskoleråd, Tord Hauge.

Nasjonalt fagskoleråd hadde fysisk møte i Bergen den 7. juni og Oddmund Løkensgard Hoel, statssekretær for forskings- og høgare utdanningsministeren i Kunnskapsdepartementet, var til stade. Interesse for HYU er stor i departementa, men statsråden kunne ikkje røpa noko angående neste budsjett. Nasjonalt fagskoleråd la fram sine prioriteringar denne perioden, blant anna opptrapping av studieplassar. Møtet vart halde rett i forkant av publiseringa av tilstandsrapporten og KBU-rapporten, og ein fekk difor ikkje diskutert funna. Statsråden nemnte at det ville koma ei Utsynsmelding som skal sjå nærare på kompetansebehova framover. Rådet sitt budskap er at fagskolen står klar til å vera med å dekkja framtida sitt behov, og at ei auke i studieplassar krev auka produksjon av gjennomførte studiepoeng – altså må ein jobba vidare med kvaliteten i utdanningane. Samtidig er dette aldri et krav i UH. Gjennomføringsgraden har gått noko ned. Kvalitetssikring av data er også et kontinuerleg arbeid leia av HK-dir.

## O-10/22 ONF orienterer

ONF orienterte om saker som opptar dei og om utviklinga i sektoren.

Meir politisk bevisstheit rundt høgare yrkesfagleg utdanning. ONF sit mykje med høyringssvar i denne perioden, blant anna opp mot KBU og finansieringssystemet (Deloitte-rapporten). Deretter er det Arendalsveka. ONF arbeider også mot å realisera eit nasjonale studentombod, som nemnt i Hurdalsplattformen. Dette tiltaket vil vera av stor betydning for studentane. Håpar dette vert teke med i det første ordinære statsbudsjettet til hausten. Henning Skau skal ut av rådet og nytt medlem kjem inn etter sommaren.

## D-11/22 KBU-rapporten

14. juni lanserte Kompetansebehovsutvalget (2021-2023) temarapporten “Fremtidige kompetansebehov: Høyere yrkesfaglig utdanning for et arbeidsliv i endring”. Under lanseringa presenterte utvalsleiar og direktør i HK-dir, Sveinung Skule, hovudfunn, og overleverte rapporten til Oddmund Løkensgard Hoel, statssekretær for forskings- og høgare utdanningsministeren i Kunnskapsdepartementet.

Les rapporten her: <https://kompetansebehovsutvalget.no/wp-content/uploads/2022/06/KBU-temarapport-2022.pdf>

Rådet ønsker å diskutere dei ulike funna og anbefalingane i rapporten.

Nokre anbefalingar er viktige å få med seg (kap. 8). Auke i søkarmasse, større fagskolar kan gi større slagkraft. T.d. opplever fagskolen Viken at samanslåinga har slått positivt ut.

Sektoren vert utvikla i tett dialog med arbeidslivet og dette gir ein enorm gevinst. Behov for føreseielege økonomiske forhold i sektoren. Bransjeprogramma har ført til ei desentralisering av utdanning. Fagskoletilboda er flytta ut i distrikta med god erfaring. Gir fagarbeidarar gode moglegheiter for fagleg påfyll.

Mange i KBU vet ikkje mye om fagskolen. Viktig med gode, sjølvstendige kunnskapsgrunnlag, og derfor er desse rapportane viktige for vidare samhandling innan sektoren.

Mogleg behov for meir synleggjering av utdanningane. Viktig å vise at fagskoleutdanninga er noko anna og at dette er en unik kompetanse. Mogleg ein òg treng høgare anerkjenning i næringslivet. Ein må ikkje akseptera en narrativ om at økonomiske og administrative fag ikkje er viktige.

Øk/adm-faget er forbunde med teori, og det er kanskje ikkje godt nok marknadsført kor praktisk-retta utdanninga er. Famnar om alle fagområda når det gjelder etter og vidareutdanning.

## D-12/22 Tilstandsrapport HYU

Direktoratet for høgare utdanning og kompetanse (HK-dir) utarbeidar Tilstandsrapporten for høgare yrkesfagleg utdanning kvart år på oppdrag frå Kunnskapsdepartementet. Rapporten tek for seg sektoren frå ulike perspektiv og analyserer utviklinga i studentar, fagskular, utdanningstilbod og økonomi. Les meir her:

[Tilstandsrapport for høgare yrkesfagleg utdanning 2022 \(hkdir.no\)](https://hkdir.no)

Rådet ønsker å diskutere funna og trendane som kjem fram i årets rapport.

Økonomiske og administrative fag er no ein av «dei tre store» fagområda, og det blir meir naturleg å inkludera fagområdet i framtidige diskusjonar i sektoren. Talet på studentar som går frå UH til fagskole aukar (7000 studentar), samanliknar ein andre vegen så er det ein liten nedgang (ca. 900 studentar). Dette viser at ein framleis har ein jobb å gjera i forhold til bru mellom UH og HYU. Vekst saman med kvalitet.

## O-13/22 Fagområdeavgrensing

Henriette Eia Erdal, Fagforbundet, presenterer arbeidet hun har utført innan fagområdeavgrensing og analyse av fagområdet. (Presentasjonen vert lagt ut i Teams-kanalen).

Stort potensiale i sektoren. Kvar går vegen vidare i utviklinga, er det eit behov for nasjonale planar? Stort behov for vidare og etterutdanning og der fyller fagområdet et behov. HYU ligger ikkje som anerkjent kompetanse i søknadstekster. Nasjonale standardar eller planer kan være viktige i det kvalitetshevande arbeidet innan fagområdet. Bakdelen kan vera at slike planar må reviderast jamleg.

Deretter diskuterte fagrådet kva dei ynskte å prioritera vidare. Interessante poeng som kom opp var at fagplanar kunne retta søkelyset på fagområdet, kanskje styrka finansieringa og i beste fall trygga «kjøpar» (næringslivet) på produktet ein bestilte. Kanskje kunne det òg sikra eit visst samanfall i faginnhol. Nokre av spørsmåla som kom var om ein skulle leggja seg på offentleg

finansiering av faga eller tilby eit marknadsstyrt produkt? Var det behov for felles retningslinjer og ei synleggjering av kva utdanningane innebar?

Første steg på veg må i tilfelle vera eit vedtak i fagområdet om at ein ønsker å arbeida fram nasjonale planer. Deretter er det behov for finansiering og for aksept frå nasjonalt fagskuleråd.

O-14/22      Marknadsføring av fagområdet

Rådet har diskutert å oppretta nokre sider på sosiale medium for å visa kva ein arbeider med. Leiar sender spørsmålet om godkjenning til leiar av fagskulerådet etter møtet.